

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 8. juni 2016 kl. 12.15

Stad: Seminarrom 400 i fjerde høgda av HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk) og Åsta Haukås (tysk)

Frå gruppe B: Jacob Hoffmann

Frå gruppe C: Hild Meland Rød

Frå gruppe D: Lars Ask, Monica Beeder, Ruben Alexander Nordvik og Martine Terese Toften

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 16. mars 2016

Referatet vart sende ut med e-post 21. mars i år og ligg på
<http://www.uib.no/fremmedsprak/25322/institutr%c3%a5det>.

Sak 3 – orienteringssaker

Sak 4 – Budsjett 2017

Fakultetet sende 3. juni ut brev om budsjettframlegg for 2017 (vedlegg 1), og institutta må koma med innspel innan 1. juli. Eit utkast til brev med innspel frå instituttet blir ettersendt (vedlegg 2). Instituttleinga må i tillegg senda inn opplysningar om kontor- og arealbruk, om vikarbruk mm i 2017 og dessutan prognosar til langtidsbudsjettering.

Framlegg til vedtak: Rådet sluttar seg til vurderingane og prioriteringane i utkastet til svarbrev frå instituttet om budsjettframlegget for 2017. Instituttleinga får fullmakt til å fylla ut og gjera ferdig brevet.

Sak 5 – Strategi- og tiltaksplanen for 2016-2019

Strategi- og tiltaksplan for instituttet ligg på <http://www.uib.no/fremmedsprak/23302/strategiplan-institutt-framandspr%c3%a5k-2016-2019>. Sjå vedlegg 3.

Framlegg til vedtak: I tiltaksplanen til instituttet, under punktet om IF som arbeidsplass, blir følgjande punkt lagt inn: «Alle innkallinger med sakspapirer skal legges ut på IF sine sider i forkant av møter i Forskningsutvalget (FU), Undervisningsutvalget (UUI) og Instituttrådet (IR). Referat fra FU, UUI og IR skal være tilgjengelige på nettsidene til IF innen to uker etter møtet.»

Sak 5 – Møteplan for hausten 2016

Møteplan for instituttrådet hausten:

Onsdag 14. september kl. 12.15

Onsdag 16. november kl. 12.15

Sak 6 – Ymse

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef